

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-014	19/16

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2019	Valstyret	PS	19.03.2019

Delegering av mynde frå Valstyret

Forslag til vedtak:

Valstyret gjev leiar og sekretær fullmakt til å handle på vegne av valstyret i saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 3 medlemmer som kan ta avgjerder i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.

Medlemmer i arbeidsutvalet:

Leiar i valstyret

2 medlemmer som valstyret peiker ut

Saksopplysningar:

Etter kommunelova § 10 nr. 4 og § 23 nr.4 har valstyret høve til å deleger avgjerdsmakt i enkeltsaker til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller administrasjonssjefen (rådmannen). Høvet til å delegere omfattar enkeltsaker eller type av saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

I Modalen kommune er valstyret personidentisk med formannskapet, og møta i valstyret vert som regel halde same dag som møta i formannskapet. Det kan likevel oppstå saker som krev rask handsaming. For å sleppe å kalle inn heile valstyret på kort varsel, kan det vere formålstenleg å oppnemne eit fast arbeidsutval.

Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det gjeve høve til delegering i «type av saker som ikkje er av prinsipiell betydning». Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsmakt i saker som må reknast for å vere av prinsipiell karakter. Kva som er prinsipiell karakter, må fastsetjast ut frå karakteren ved vedtaket og konsekvensane av det. Regelen gjev dermed valstyret eit vidt rom for å

vurdere kva som i det enkelte tilfelle er forsvarleg og formålstenleg.

Saker som er av reint praktisk art, vil sjeldan ha prinsipiell karakter. Dette vil typisk vere gjeremål som å setje opp manntal, leggje ut til allment ettersyn, kunngjeringar, lage lister over klager, gje meldingar til veljarar og kandidatar, trykking av røystesetlar og liknande.

Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis delegerast. Men leiaren kan ikkje utføre denne oppgåva aleine, jfr. § 35 i valforskrifta som seier at det må vere minst 2 personar ved opning av røystegjevingar.

Styringsmakt som typisk vil vere av prinsipiell karakter, og som dermed ikkje kan delegerast, er til dømes å ta avgjerder om listeframlegg, om tilbakekalling av listeframlegg skal godkjennast og forkasting av røyster.

Valstyret - 008/2019

VS - behandling:

Samrøystes vedteke

VS - vedtak:

Valstyret gjev leiar og sekretær fullmakt til å handle på vegne av valstyret i saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 3 medlemmer som kan ta avgjerder i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.

Medlemmer i arbeidsutvalet:

Leiar i valstyret

Valstyret utnemnde Kristin Nåmdal og Linda Neset som medlemmar i arbeidsutvalet